

Prosjektskildring – Framtidsfelemakeriet

Bakgrunn

Ole Bull akademiet er i dag den einaste utdanningsinstitusjonen som har utdanningstilbod innan felemakeri, og spesifikt bygging av Hardingfeler. Akademiet har i dag saman med Kringsjå som eig bygningane på akademiet, eit aktivt miljø innanfor instrumentbygging med ein student, ein konservator, og ein lærar i hardingfelemakarfaget. Verkstaden er elles knytta akademiet for øvrig og ligg såleis midt i smørauget for folkemusikken i Noreg. Målsettinga for verkstaden er både å driva utdanning og samstundes levera tenester/instrument til eigarar av instrument og såleis driva som ein kommersiell aktør.

Både når det gjeld det instrumentfaglege og handtverksmessige er verkstaden i toppklasse, og ein tilstrebar å halde ein høg kvalitet på både reparasjonar og nye instrument. Lang erfaring, impulsar frå både det tradisjonsrike hardingfelemakeriet, og frå det meir internasjonale fiolinmakeriet har gitt verkstaden ein solid grunnmur.

Bygging av nye hardingfeler er ein særstidkrevjande prosess. I den seinare tid har vi byrja sjå litt på kva som kan gjerast meir rasjonelt, teknisk, og gjerne opp i mot dagens teknologi. Sett i meir bedriftsøkonomisk perspektiv, er det vanskeleg p.r. i dag å kunne forsvare å bygge nye hardingfeler kommersielt, utfrå det marknaden vil betala for nye instrument. Med dagens metodar vil produksjon av ei hardingfele representere ein timebruk på 300-350 timar. Dersom ein profesjonell felemakar skal koste om lag det samme som ein annan timebetalt, som td ein tømrrar, må ei ny hardingfele kosta om lag 180 000. Marknadsprisen på ei ny god hardingfele ligg i dag på 70-90 000.

Sett opp mot behovet hardingfeletradisjonen har for nye instrument, og også kanskje spesielt gode instrument for t.d. born, meiner me det er viktig at nokon er litt innovative. Det kan vera viktig for å bevara felemakarfaget som ein profesjon uavhengig av statlege/regionale tilskot.

Akademiet har gjort forsøk med rimeleg utstyr til å "grovfrese" ut deler til hardingfele ved hjelp av ei datamaskin og ein liten CNC fres. Dette er kjernen i det tekniske me prøver å få til. Å grovfrese ut delene for så å starte på det meir langtekkelege akkustiske arbeidet. Forsøka har gitt oss lovande resultat så langt.

Mål med utdjuping

Ole Bull akademiet vil gjennom prosjektet Framtidsfelemakeriet forska på nye metodar innanfor produksjonen av hardingfeler. Me meiner at me kan spare mykje tid på å bruke moderne utstyr UTAN at det går ut over kvaliteten på instrumenta me skal laga.

Den tekniske kjernen i det me prøver å få til er å bruke ein moderne CNC-fres til å lage feledeler. (botn, lokk, hals, gripebrett, strengehaldar, stol). Dette er sjølv sagt ikkje tilstrekkeleg i seg sjølv åleine, men ein kan kome eit stykke lenger på veg, og dei strategiske vala, som materialval og akkustiske avstemmingsmetodar, og bruk av hørsel, syn, kjensle, vil framleis ha ei minst like stor rolle. Samstundes vil også endel av den visuelt estetiske utforminga som rosing t.d. vera umogeleg å gjera utan det gode gamle handtverket.

Ein tek sikte på å bruke mindre tid på prosessar som ikkje er spesielt vanskelege, eller spesielt avgjerande, men like fullt særstidkrevjande. Prosjektet vil også sjå på ny teknologi med tanke på dokumentering av gamle instrument (3d-scanning), og om dette kan vera aktuelt.

Samstundes som at akademiet bryt litt ny mark, må ein reflektere litt over kva dette vil ha å

seia for den immatrielle kulturarven som hardingfelemakeriet er. Prosjektet vil difor ha 2 delar der det tekniske er for seg, og det forvaltningsmessige er for seg. Verkstaden har tilknytta ressursar som har erfaring og nettverk innanfor det teknisk innovative i prosjektet.

Det endelege målet med prosjektet er å utvikla metodar som kan setja felemakarar i notid og framtid istand til å lage gode instrument til både born og vaksne, med ein tidsbruk som er langt mindre enn idag

Prosjektet

OBA og Kringsjå AS startar eit prosjekt frå hausten der ein ressurs i 50 % stilling forskar på å få fram metodane, samt at det blir skriva ein rapport som belyser både det tekniske og den forvaltningsmessige sida av dette.

Kostnadane i prosjektet vil i hovetrekk vera:

- Personalkostnader for ein ressurs i 50% stilling
- Evt bruk av eksterne ressursar i opplæring

Fagleg innhald i prosjektet

Del 1 Teknisk

- Val av software, lisenser osv
- Val av Maskin
- Uttesting av metodar
- Defineringsgrensesnitt for kva maskineringa kan og bør innbefatte
- Arbeidsmetodar
- Teikning av modellar
- Brukargrensesnitt for bruk av utstyret/softwaren
- Spesialproduksjon av verktøy for bruk i bygging
- Bruk av CNC i reparasjon av gamle instrument.
- Bruk av 3D-scanning.
- Utarbeiding av modellar og kodar for produksjon
- Datasikkerhet med tanke på elektronisk lekkasje
- Evt implementering av metodane i utdanningssamanheng.

Del 2 Forvaltning av felemakartradisjonen

- Felemakartradisjonen idag v.s for 100 år sidan – teknisk utvikling
- Mulighetsscenario
- Trusselsscenario
- Kva er kjernekunnskap for å produsere gode instrument
- Kva vil ei modernisering av faget bety

Mykje av prosjektet kjem til å vera praktisk retta. Akademiet tek sikte på å kjøpe naudsynt utstyr og software for å styre prosessane. Og vil etter prosjektet er ferdig bruke utstyret både i produksjon og undervisning.

Prosjektet vil undervegs rapportera til leiinga av Ole Bull Akademiet